

VEDLEGG E



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

Budsjett 2019

Innkommne merknadar

1. Stadt AS.
2. Arbeidstakarorganisasjonane i Sande
3. Utdanningsforbundet Sande
4. Horudutvala
5. Råda

2018/885



Sande Kommune
v/Sande Formannskap
Rønnebergplassen 17
6084 Larsnes

STADT EIGEDOM AS
Moljevegen 50
NO-6083 Gjerdsvika, Norge
Orgnr: NO 913 801 520 MVA
Tel: + 47 70025800

16. november 2018

Kommunal veg ved nordre molo i Gjerdsvika

I henhold til lovnad om kommunal veg til eiedommen vår, som var gitt for fleire år sidan, før oppsetting av bygget her, ber vi derfor om avsetting av pengar til veg frå nordre molo og innover til bygget vårt på investeringsbudsjettet for 2019.

Som kjendt har vi ikkje veg, og kjører mellombels over nabo eiedommen.

Med vennleg helsing

Stadt Eigedom AS

Handwritten signature of Daniel R Slettevoll in black ink.

Daniel R Slettevoll

DAGLIG LEDER

STADT AS

Handwritten signature of Hallvard L Slettevoll in black ink.

Hallvard L Slettevoll

DAGLIG LEDER

Larsnes 16.11. 2018

Formannskapet i Sande.

Viser til utsendt budsjett. Sande kommune er inne i ein prosess der ein ønskjer å snu alle steinar som kan gi kommunen eit budsjett for 2019. Mange framlegg er nemnt. Vi vil i denne omgang peike på senioravtalen. I rådmannens sit budsjett står dette oppført med ein kostnad på 815 000.

Vi vil først påpeike at kostnad og innsparing for betre kommunal finansiering ikkje er det same. Etter det vi har grunn til å tru så er mange av desse senioravtalane (5) utbetalt med kr 15 000. Kostnad 75 000. Det er ikkje alle som kan eller vil avspasere. Dei får då utbetalt 15 000 istadenfor.

Dei andre er tilsette som har seniordag utan at det vert sett inn vikar. Dvs at av dei 11 som står att, vert det sett inn vikar for 6 personar. Og det er dette beløpet pluss 75 000 ein «sparer». Utrekna til kr 319 000+ 75 000 = 394 000

Sande kommune har hatt ein god senior politikk. Dette gjer at mange klarer å stå i jobben utan sjukmelding eller AFP.

Når vi kjem til punktet innsparingar er her mange moment.

- 1) Avtalane er eit årlege og går ut til ulike tidspunkt i 2019. Det tyder at ein ikkje sparer 319 000 i 2019 kanskje halvparten.
- 2) AFP kostnad. Kommunen betalar inn i den sentrale potten 100 % dekning. Her kan ein velje 50% med dagens avtale og innsparinga vert større enn om ein skrotar senioravtalen. (Kommunekassen kan forklare)
- 3) Kostnadar med at fleire går ut i avtalefesta pensjon vil auke. Bortfall av senioravtalen fører til ein hardare arbeidssituasjon. Fleire treng om å ta ut delvis AFT. Kostnadane med dette er nærmare det tredoble av senioravtalen (Jan Egil Sætereng)

Vi oppmodar politikarane til å revurdere innspelet som administrasjonen har sett opp. Dette vil av fleire grunnar verke som ein bumerang for kommuneøkonomien. For å trygge økonomien ber vi om at senioravtalen ikkje vert endra. Administrasjonen har i saksframlegget sjølv påpeika at risikoen for at fleire vel AFP er stor om ein fjernar dagens seniortiltak. I tillegg kjem det fram at dette er ein større kostnad enn dagens seniortiltak.

Mvh

Utdanningsforbundet, Nito, Delta, Fagforbundet, Sjukepleieforbundet, Fellesorganisasjonen

Budsjettet 2019

Rådmannen har lagt fram eit budsjett som er i balanse. 4.4 mill. skal kuttast frå oppvekstsektoren. Dette er mykje, svært mykje, omgjort til årsverk utgjør dette 6 til 8 stillingar. Vi tenkjer ikkje skulestruktur. Vi tenkjer oppvekst, skule og barnehage.

For oss er dette ei alvorleg utfordring. Vi synest at vi alt spring så fort vi kan og no må vi springe enno fortare.

Fagfornyninga som vert vårt styringsverktøy peikar på at sosial læring og utvikling er noko av det viktigaste vi skal lære elevane.

«Elevens identitet og selvbilde, meninger og holdninger blir til i samspill med andre. Sosial læring skjer både i undervisningen og i alle andre aktiviteter i skolens regi. Faglig læring kan ikke isoleres fra sosial læring. I det daglige arbeidet spiller derfor elevenes faglige og sosiale læring og utvikling sammen.»

Udir

Stortinget har vedteke ny bemanningsnorm og ny pedagognorm for barnehagar.

Bemanningsnorma gjeld frå 1. august 2018, men barnehagane får eit år på seg til å oppfylle minimumskravet. Pedagognorma trer i kraft frå hausten.

Med dei nedskjeringane som ligg på bordet no, so tek de ifrå oss det viktigaste verktøyet vi har, nemlig oss sjølve. Vi er gode lærarar som jobbar for at borna i Sande skal få den oppfølginga dei har krav på. Slik det ligg føre no har vi ikkje nok ressursar til å gjere den jobben vi er sett til. Det handlar om at borna i Sande skal få den opplæringa/oppfølginga som dei treng. Spesielt vil dette gå utover dei som treng oss mest.

Nedskjeringane vil føre til usikkerheit for både born og vaksne, ein kvardag med vikarstopp betyr at vi må stå på dobbelt, gjerne på kort varsel. Dette fører til utrygge born, noko som igjen gir dårleg læring.

Vi ber om at ein drøftar tiltak som kan betre forholda for borna i kommunen. Kanskje er her andre postar som kan gje innsparing eller inntening som dermed gir mindre følger for borna?



SANDE KOMMUNE
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00
postmottak@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

VEDTAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar: Oddbjørn Indregård Arkivsaknr: 2018/885-5386/2018
Arkiv: 151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/18	Helse- og oppvekstutval	14.11.2018
32/18	Næring-, teknisk- og miljøutval	14.11.2018

Saka gjeld: **BUDSJETT 2019, ØKONOMIPLAN 2019 - 2022**

Handsaming i Næring-, teknisk- og miljøutval :

Samr. som tilrådinga.

Handsaming i Helse- og oppvekstutval :

Samr. som tilrådinga.



SANDE KOMMUNE
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00
postmottak@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

VEDTAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar: Oddbjørn Indregård Arkivsaknr: 2018/885-5386/2018
Arkiv: 151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/18	Eldrerådet	12.11.2018
8/18	Råd for likestilling av funksjonshemma	12.11.2018
24/18	Ungdomsrådet	14.11.2018

Saka gjeld: **BUDSJETT 2019, ØKONOMIPLAN 2019 - 2022**

Handsaming i Eldrerådet :

VEDTAK:

Samrøystes som tilrådinga med desse endringane og tillegg:

1. Sande eldreråd vil be om at satsande for tryggleiksalarm blir ståande uendra frå 2018.
2. Sande eldreråd bed administrasjonen om å starte arbeidet med planlegging av den gamle «Helse Sunnmøre-avdelinga» til lokalitetar for helse- og omsorg.
3. Sande eldreråd ser med uro på kva stenging av rom på Sandetun vil føre til når ein samstundes skal redusere tilbodet til heimebuande.

Handsaming i Råd for likestilling av funksjonshemma :

VEDTAK:

Rådet for likestilling av funksjonshemma har følgjande merknadar til det framlagde budsjettet for 2019, økonomiplan 2019 – 2022:

«Rådet for likestilling ser med bekymring på nedskjeringane i assistentressursen i grunnskulen, som vil gå utover funksjonshemma elevar med behov for ekstra ressursar. Rådet for likestilling er uroa over at sengeplassar på Tingstova vert stengt, samtidig med nedskjeringar i tilbod til heimebuande og nedbemanninga på helg i omsorgssektoren, noko som vil slå negativ ut for brukarane.

Handsaming i Ungdomsrådet :

VEDTAK:

Ungdomsrådet har følgjande merknadar til det framlagde budsjettet for 2019 – økonomiplan 2019-2022: «Ungdomsrådet ser det som kortsiktig tenking å foreslå redusering av utgifter til dei byggjande aktivitetane for barn og unge, og det er negativt at det er oppvekst- og kulturavdelinga som skal spare mest pengar.

Ungdomsrådet viser til Ungdatakartlegging som vart gjennomført i 2013 og 2016 der det viser ei utvikling mot at fleire føler seg einsame i vår kommune. Gode kultur- og oppvekstvilkår er viktig for trivsel i kommunen vår. Det bør vere fleire kulturtilbod for barn og unge i kommunen, men desse kan slåast saman for å kunne bygge større fellesskap. Det må vere ein langsiktig plan for å gjere kommunen attraktiv å bu i, ein må legge til rette for tilflytting og hindre utflytting, og då er gode oppvekstvilkår og gode kulturtilbod svært viktige faktorar».

Rett utskrift

ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA, Larsnes, 19. november 2018

Tove Cathrine Kvamme
Politisk sekretær